



## Notat

Dato: 17.06.2015  
Arkivsak: 2014/11864-3  
Saksbehandlar: gurklyv

---

**Til:** Tom-Christer Nilsen, Fylkesordfører

---

**Frå:** Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

---

### **UNDERTEIKNING AV AVTALE OM VEGRETT. GNR 109 BNR. 465 I BØMLO KOMMUNE.**

Bømlo vidaregåande skule er bygd på eigedomen vår gnr. 109 bnr. 465 på Svortland i Bømlo kommune. På eigedomen er det to vegar. Den eine av desse er tilkomstveg til eit parkeringsområde på vestsida av skulebygget.

Bømlo kommune skal byggje ny ungdomsskule på nabotomta, gnr. 109 bnr. 97, som ligg vest for Bømlo vidaregåande skule. I samband med dette ønskjer kommunen å nytte tilkomstvegen vår, som går til parkeringsområdet, og å forlenge vegen med ca. 25 m slik at den når bort til kommunen sin eigedom. Sjå vedlagte fotokart. Vegen skal kun nyttast til varelevering til den nye ungdomsskulen. Hovudvegen til ungdomsskulen vil såleis verte bygd ein annan stad.

Bømlo kommune har av den grunn tatt kontakt med Eigedomsavdelinga og bedt om å få ein tinglyst avtale om vegrett.

Eigedomsavdelinga har vore i dialog med rektor ved Bømlo vidaregåande skule, og skulen har ikkje innvendingar til den vedlagte avtalen.

Det følger av avtalen at Bømlo kommune skal sørge for å få utført og koste bygging av forlenginga av vegen på 25 m. Avtalen inneheld òg føresegner om vedlikehald.

Vi ber om at fylkesordføraren daterar og underteiknar den vedlagte avtalen om vegrett i 2 eksemplar. Avtaleeksemplara er signert av Bømlo kommune v/ordføraren.

Avtalen vil verte tinglyst.

Guro Klyve  
Eigedomsavdelinga

Vedlegg:

1. Fotokart
2. Avtale om vegrett m/kart i 2 eksemplar